

frametter. Dei nøgde seg med aa kalla det danske bokmaalet for norsk, og heldt so fram med aa skriva dansk, baade dei eldre forfattarar og dei nye som kom upp. *Bjerregaard* forde likevel gudbrandsdalsk maalføre fram paa theatret i „*Fjeld-ventyret*“ (1824) og den namngjetne stiftamtman og præsident *Vilhelm Frimann Koren Christie* i Bergen skreiv upp norske ord i mange aar — „samlinger til et norsk dialekt-lexicon, især i bergenshusiske dialekter“, som inneheld umkr. 20,000 ord og enno ligg uprenta paa Bergens museum.

Det var elles vonlegt at det nasjonale maalspursmaal no kunde koma upp for ollo. Og den fyrste som sette fram kravet um eit fullnorsk maal, var diktaren *Henrik Wergeland*, som ogso spaadde at Norig vilde faa sitt eige bokmaal, fyrr „aahundredet nedrødmer“. I striden millom honom og *Welhaven* oygnaar me ogso, um endaa uklaart, noko av maalspursmaalet. Det vart ein heit strid um det dei kalla „norsk“ eller „dansk“ theater. I denne striden synte det seg ein stor uklaare um kva skilnaden eigenleg var millom „norsk“ og „dansk“. Daa skreiv den namngjetne *Fonas Anton Hjelm* eit oppset i Norsk Maanedsskrift (1831) um maaltilstandet. Han er merkeleg klaarsynt for si tid. Han skil millom *tri* hovudformer for maalet i landet: *rein norsk* i bygderne, *blanda dansk eller norsk* i talemaalet i byarne, og „et saakaldet *skriftsprog*, det same som skrives i Danmark“, og han ber fram det ynskje at maalkunnige fedrelandskjære menn maatte semjast um aa faa fram „landets virkelige sprog, dets virkelige grammatik, og i en videnskabelig ordbog samle sprogets udtrykke“. Ikkje lenge etter gav vitskapsseelskapet i Trondheim *Ivar Aasen* (fødd 1813) studnad til aa granska og gjeva opplysning um dei norske maalføre. Tidi omkring 1840 og frametter var elles i fleire maatar ei sterk